

Årsrapport 2023

Mars 2024



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Innhald

1.	Innleiing frå direktøren.....	3
2.	Introduksjon og hovudtal	5
2.1.	Verksemd og samfunnsoppdrag.....	5
2.2.	Organisasjon og leiing.....	6
2.3.	Utvalde hovudtal	7
3.	Aktivitetar og resultat.....	8
3.1.	Resultat og måloppnåing.....	8
3.2.	Prioritering og ressursbruk	10
3.3.	Oversikt over rapporteringspunkt frå tildelingsbrevet	11
4.	Styring og kontroll	18
4.1.	Overordna vurdering	18
4.2.	Fellesføringar	20
5.	Vurdering av framtidsutsikter	22
6.	Årsrekneskap	24
6.1.	Innleiing	24
6.2.	Kommentarar frå leiinga.....	24
6.3.	Prinsippnote til årsrekneskapen	25
6.4.	Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2023	26
6.5.	Oppstilling av artskontorrapporteringa for 2023	28
7.	Vedlegg	33
7.1.	Nøkkeltal Merkur-programmet	33
7.2.	Merkur-styrets årsmelding 2023	34
7.3.	Handlingsplan for inkludering	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.	Referanser	38

1. Innleiing frå direktøren

Distriktsenteret held fram med høg fagleg aktivitet og har stor etterspurnad etter kunnskapen og tenestene våre. Vi kan rapportere om høg måloppnåing innan dei fleste måla og oppdraga vi har. Vi arbeider mykje med kunnskapsutvikling, formidling og samarbeid med fylkeskommunar og nokre statsforvaltarar. I tillegg samarbeider vi ofte med Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og med enkelte andre departement og etatar på fleire område.

Merkur-programmet gjekk i 2023 rekordtidleg tom for ordinære støttemidlar, og saman med høg aktivitet i kompetanseprogrammet ser vi at programmet fyller eit stort behov i Distrikts-Noreg. Det er krevjande for butikkane når dei har behov for støtte og det ikkje er midlar att. Vi ventar også å gå tidleg tom for midlar i 2024.

Samla sett leverer Distriktsenteret godt på oppdraga i tildelingsbrevet og måla vi sjølv har sett i strategien vår, sett ut frå ressursane vi har tilgjengeleg. Kommunane ønskjer seg i mange tilfelle meir oppfølging, og vi har potensiale for å samarbeide tettare med fylkeskommunar, statsforvaltarar og andre. Ei oppskalering av slike aktivitetar utan at det skal gå ut over den kontinuerlege kunnskapsbygginga, vil krevje fleire ressursar enn det vi har i dag. Det er også rom for ei utviding av støttenivået i Merkur-programmet, men auka flyt av midlar gjennom programmet vil også krevje meir sakshandsamingsressursar.

I løpet av året har vi arbeidd for å forbetre oss på fleire område. Vi har mellom anna halde fram med aktivitetar for å bli betre på journalføring. Vi har arbeidd med å få på plass betre skjema i regionalforvaltning slik at dei tilfredsstillar krava til målform og klarspråk.

I årsrapporten vel vi å vurdere aktiviteten med utgangspunkt i dei nye styringsparameterane, som vi har funne fram til i samarbeid med KDD, og som er tekne inn i tildelingsbrevet for 2024. Den nye brukarundersøkinga hjå daglegvarebutikkar i Merkur-programmet viser at programmet er godt organisert og treffsikkert. Likevel er det rom for å gjere ting betre og sikre at det også fungerer godt i framtida. Vi har ikkje gjennomført brukarundersøkingar hos andre målgrupper i 2023, men kan gjere vurderingar med utgangspunkt i undersøkinga frå 2022 og tilbakemeldingar vi får på andre måtar.

Vi vil trekkje fram nettsida enkelplanlegging.no, som er ein rettleiar i kommunalt planarbeid tilpassa små kommunar. Denne vart lansert hausten 2023, og er utvikla i samarbeid med Planavdelinga i KDD, fleire statsforvaltarar og fylkeskommunar – og er brukartesta i kommunane før lansering.

Samarbeidet med Regionalpolitisk avdeling i KDD om bygdevekstavgiftane opplever vi som svært godt, tillitsfullt og produktivt. Dette har vore eit utviklingsarbeid som har betra samarbeidet mellom oss og KDD. Dette har smitta over på andre område vi samarbeider på.

Vi opplever å bli lytta til, og har i 2023 sett eit større avtrykk enn nokon gong. Vi er synlege i media, spesielt når det gjeld befolkningsutvikling og distriktsbutikker. Vi er premissgjevar på fleire område, spesielt bustader i distrikta og betydninga innvandring har i distrikta. Samtidig samlar vi kunnskap på mange område, og opplever at mange har nytte av at vi har godt overblikk og ser ting i samanheng. Nokre stader er vi med på gode samarbeidsprosjekt, der vi møter kommunen saman i staden for kvar for oss.. Andre stader prøver vi å utfordre eit verkemiddelapparat (inkludert oss sjølve), som i for stor grad er prega av innarbeidde arbeidsformer og rammer.

Gjennom verksemdsplanlegginga har vi god oversikt over tiltak vi har planlagt i løpet av året, og kan med det styre ressursane våre. Sjølv meiner vi at vi har gode planar for å hente ut og ta i bruk kunnskap frå aktivitetar som nyleg er avslutta eller som er i avslutningsfasen for å kunne bruke denne i vidare arbeid slik at den kjem til nytte for mange. Dette er spesielt viktig når større prosjekt der vi har følgd enkelte kommunar eller butikkar over tid er ferdig, og læringa skal kome andre til nytte. I årsrapporten står det mellom anna meir om korleis vi gjer kunnskap og metodikk frå Distriktskommune 3.0 og Rettleiingspiloten tilgjengeleg for kommunane og fylkeskommunane.

I 2023 har Distriktssenteret ved fleire høve trekt fram utfordringane ved å vere ein liten etat og skulle møte dei same krava til verksemda som store statlege etatar får. Innan alt frå IT-sikkerheit og personvern til rapportering og tilpassing av statlege fellesavtalar for innkjøp til behovet for brei kompetanse innan mange fagfelt knytt til drifta, kan det vere utfordrande å vere liten. På same måte som det er mange måtar det kan vere utfordrande å vere ein liten kommune. Dette er problemstillingar vi vil halde fram med å synleggjere, med mål om at vi skal løyse også denne typen oppgåver best mogleg.

Vi opplever at dei tilsette i Distriktssenteret vert motiverte av det store spennet vi har i oppgåver: Frå praktisk rettleiing til kommunar og butikkar via samarbeid med fylkeskommunar og andre regionale aktørar til arbeid for å gjere at kunnskapen vår kjem til nytte i nasjonal politikktutvikling. Så variert arbeid gjer at vi vert utfordra til å tenkje nytt, setje saman og ta i bruk kunnskapen på måtar som kjem mange til nytte.



Marit L. Mellingen
direktør

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktutvikling

2. Introduksjon og hovudtal

2.1. Verksemd og samfunnsoppdrag

Distriktssenteret er eit fagleg uavhengig, nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling og arbeider for å gjere det attraktivt å bu, jobbe og drive næring i distrikta. Det er kommunane og butikkar i Merkur-programmet som er dei viktigaste målgruppene våre. Senteret er eit ordinært statleg forvaltningsorgan knytt til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Distriktssenterets samfunnsoppdrag handlar om å samle, utvikle og dele kunnskap om korleis distriktkommunar og distriktbutikkar kan utvikle seg og sine lokalsamfunn. Vi skal bidra til at kommunane er gode samfunnsutviklarar og til å styrke utviklingskapasiteten deira. Slik kan dei finne gode lokale løysingar på utfordringane som mellom anna kjem av demografisk utvikling og mangel på kompetent arbeidskraft.

Vi leverer mellom anna digitale verktøy, rettleiingar, læringseksempel og nettverk. I tillegg forvaltar vi Merkur-programmet sine tilskotsordningar for distriktbutikkar.

Samarbeid med andre som har ansvar for rettleiing av kommunane er ei viktig arbeidsform for oss. Mest omfattande er samarbeidet med fylkeskommunane og Husbanken, men vi er også på lag med statsforvaltarane og ei rekkje andre statlege og regionale aktørar i mange samanhengar.

Distriktssenteret har ofte fagleg samarbeid med eigardepartementet KDD, og gir faglege innspel til politikktutvikling og pågåande arbeid i departementet. Vi gir også faglege bidrag til andre departement. I 2023 gjeld dette først og fremst Helse- og omsorgsdepartementet og Forsvarsdepartementet.

I tildelingsbrevet for 2023 skriv KDD at Distriktssenteret som nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling har ei viktig rolle for å bidra til at distriktkommunar skal bli gode samfunnsutviklarar, og å styrke utviklingskapasiteten og utviklingsinnsatsen deira (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2022). Distriktssenteret blir vidare bedne om å prioritere desse temaa i 2023:

- Prioritere arbeidsmåter og innsats som gjør at man når mange kommuner i områder med særlige distriktutfordringer, med vekt på kommuner med sentralitet 5 og 6.
- Utvikle kunnskap og arbeidsformer som bidrar til at kommuner tar i bruk gode løsninger for lokal samfunnsutvikling
- Bidra til å styrke kapasitet og kompetanse i distriktkommuner på utvikling, innovasjon, fornying og omstilling.

I strategi for perioden 2021-2025 (Distriktssenteret, 2021) er det skildra fire utviklingsmål:


- Vår innsats bidrar til å styrke distriktkommunanes evne til innovasjon og omstilling for lokalt arbeid med berekraftig samfunnsutvikling.
- Merkur-butikkane samarbeider godt med kommunen om tiltak og tenester som styrkar lokalsamfunnet, og har eit betre driftsgrunnlag.
- Vår kunnskap blir brukt når nasjonal politikk blir diskutert og utforma.
- Vi er ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon med tydelege prioriteringar og fornøgde og kompetente medarbeidarar



2.2. Organisasjon og leing

Distriktssenteret er organisert i to fagavdelingar og ein stab, fordelt på tre kontorstader: Leikanger, Sandnessjøen og Steinkjer. Alle har delvis fjernleing. Det er eit omfattande fagleg samarbeid mellom avdelingane. Ved utgangen av 2023 hadde Distriktssenteret 27 tilsette.

I Merkur-programmet har vi også 10 konsulentar på fireårige oppdragsavtalar. Desse er rådgjevarar for butikkar i kvar sin region. Avdelingsdirektøren i Tenester i lokalsamfunn har ansvar for den faglege oppfølginga av desse. Noverande avtale går ut 31.7.2024, og anbodskonkurranse for neste periode pågår.



Marit L. Mellingen
Direktør



Steinar Fredheim
Avdelingsdirektør
Tenester i
lokalsamfunn



Ingvill Dahl
Avdelingsdirektør
Utviklingskapasitet i
distriktkommuner



Tove Damås
Administrasjonssjef



Dan-Erik Aggvin
Kommunikasjonssjef

2.3. Utvalde hovudtal

	2023
Tal tilsette*	27
Tal avtalte årsverk*	27
Tal utførte årsverk	25,25
Samla tildeling post 01-99	kr 167 866 000
Utnyttingsgrad post 01-29	100,8 %
Driftsutgifter	kr 36 029 002
Lønsdel av driftsutgifter	74,8 %
Lønsutgifter per årsverk	kr 997 584

* Kjelde: [SSB-tabell 12623: Ansatte i staten, etter enhet](#)

Merkur-programmet

	2023*
Tildelt 2022	62 620 000
Overført frå tidlegare år	69 010 000
Sum disponible midlar	131 630 000
Utbetalt støtteordningane	69 100 000
Utbetalt kompetanseprogrammet	21 600 000
Blir overført til neste år**	40 930 000


* Tala er avrunda til næraste 1000.

** Tidlelte midlar blir utbetalt inntil to år etter tilsegn blir gitt.

3. Aktivitetar og resultat

3.1. Resultat og måloppnåing

Distriktssenteret arbeider med utgangspunkt i DFØs resultatkjede, og planlegg vanlegvis aktiviteten med utgangspunkt i kva brukareffektar vi skal oppnå. Samfunnseffektar er vanskelege å spore innfor lokal samfunnsutvikling. Det er for mange innsatsfaktorar som har innverknad på utviklinga i Distrikts-Noreg til at vi kan spore aktiviteten vår så langt. Gjennom å arbeide for endring i arbeidsmåtar og haldningsendringar kan vi sannsynleggjere at innsatsen vår har innverknad på det som til slutt vert samfunnseffektar.



Vi fortel ofte om *resultat* av aktiviteten vår. Dette kan både vere brukareffektar, produkt og tenester.

Distriktperspektivet

I fleire år har Distriktssenteret etterlyst distriktperspektivet som faktor i både forskning og i oppfølging av kommunar. Vi har gjort kartleggingar for å sjå om forskning på tema vi arbeider med har analysert data med utgangspunkt i sentralitet. Vi har også sjølv bestilt egne analysar av datasett hos SSB for å finne ut om det er mogleg å lære meir på den måten. Ofte har vi sett at det vert gjort analyse ut frå region, landsdel eller kommunestorleik, men ikkje ut frå sentralitet. Det gjer at ein går glipp av forskingsfunn som femner dei kommunane som er mest like på andre faktorar. Innan område som bustad, næringsutvikling, ungdom og inkludering har vi i ei årrekke bestilt forskning som ser spesielt på distrikta. No opplever vi at distriktperspektivet har starta å kome inn i analysane frå fleire aktørar, også når vi ikkje er involvert i bestillingane. Det opplever vi mellom anna som eit resultat av arbeidet vårt for å synleggjere behovet for slik forskning. Samstundes ser vi at fleire fylkeskommunar og statsforvaltarar har teke til å differensiere rettleinga si ut frå distriktperspektiv eller andre utfordringar som gjer at ikkje alle kommunar har like behov for oppfølging.

Ung i Distrikts-Norge

Då Distriktssenteret hadde oppgåva med å leggje til rette for Ungdommens distriktpanel sitt arbeid i 2019-2021 blei det synleg at det mangla kunnskap om skilnadane mellom å vekse opp i distrikta og i sentrale strom. Som kunnskapsgrunnlag i panelet sitt arbeid gjorde vi dei første bestillingane av analyse der ungdomskunnskap vart skilt etter sentraliteten til kommunane. I etterkant har vi bygd opp [Ung i Distrikts-Norge](#) som eit av fagområda våre. Vi har arrangert årlege forskarverkstader der forskarar og kommunar har fått høve til å møte kvarandre og saman finne ut meir om kva for ungdomskunnskap det er nyttig å sjå nærare på distriktperspektivet for. Etter fleire år som reine digitale møteplassar, er [Ung i Distrikts-Norge 2024](#) ein hybrid konferanse/webinar om ungdomsmedverknad, der også ei rekke ungdomsråd er med.

Enkelplanlegging.no

Ein av dei verkeleg store leveransane frå Distriktssenteret i 2023, var nettstaden enkelplanlegging.no. Den er eit konkret resultat av læringa frå det fleirårige prosjektet Distriktskommune 3.0: Det er behov for ei lettfatteleg innføring i plansystemet som fungerer for den nyttilsette planleggaren, men som også dei folkevalde har nytte av. Vi avdekka eit behov for eit anna type rettleiingstilbod enn det som eksisterte. I tillegg peika Generalistkommuneutvalet på at «kommunenes ulikheter og ulike forutsetninger er viktige ved veiledning og bistand.» (NOU 2023:9)

Ein slik rettleiar må vise veg i handlingsrommet kommunane har til å tilpasse planlegginga til dei lokale behova og føresetnadene, slik at det vert eit aktivt politisk verktøy. Nettstaden har vorte godt mottatte, og tilbakemeldingane kjem ikkje berre frå dei små kommunane som er målgruppe, men også frå store kommunar.

Arbeidet med enkel planlegging er eit godt døme på korleis aktørar med ulike rettleiingsroller for kommunane kan samarbeide. Nettsida er samfinansiert av Distriktssenteret og KDD. Utviklingsarbeidet vart leia av Distriktssenteret, og både fylkeskommunane og statsforvaltarane i Nordland og Trøndelag har saman med følgjeforskarane frå Distriktskommune 3.0 (Ruralis og Nordlandsforskning) bidrege i utviklinga av det faglege innhaldet. Planavdelinga i KDD har vore aktivt med i utviklingsarbeidet, både for å identifisere behov, foreslå løysingar og kvalitetssikre innhaldet før publisering. Kommunane Tydal, Holtålen, Røyrvik, Grane, Dønna og Moskenes har vore med på brukartesting. Innhaldet på nettsida vert oppdatert og vidareutvikla i 2024.

Ny teknologi og nye moglegheiter

Sidan 2019 har Merkur-programmet hatt ny teknologi og nye moglegheiter som eitt av fleire satsingsområde. I dag har om lag 70 av dei totalt 560 Merkur-butikkane investert i teknologi som gjer at dei kan legge om drifta til delvis sjølvbetjent betjening. Nokre av butikkane har også lagt opp til døgnope.

Erfaringane er at ein med digitale butikkar kan snu butikkens økonomi frå tap til lønsam drift. Butikkane skapar vekst, blir meir lønsame og tilgjengelege. Butikken si overlevingsevne er styrka, både gjennom betre økonomi og gjennom at det er meir attraktivt for nye butikkdrivarar å ta over drifta ved generasjonsskifte.

Vi har grunn til å tru at desse butikkane har større vekst enn andre samanliknbare daglegvarebutikkar.

Ei brukarundersøking utført av Customer Trends for Liberty Now, som leverer teknologien dei fleste digitale butikane har teke i bruk, viser at ny teknologi i butikane har bidratt til å gjere bygda meir attraktiv og auka trivselen i lokalsamfunnet (Customer Trends, 2023). Ved hjelp av teknologien kan butikkar som ligg i typiske sesong- og turistområde få lønnsam drift gjennom heile året ved å nytte seg av fleksibiliteten som ligg i

The screenshot shows the homepage of [Enkelplanlegging.no](https://enkelplanlegging.no). The header includes the logo, a search bar, and a 'Meny' button. The main heading is 'Strategisk kommuneplanlegging for distriktskommuner', with a sub-heading 'Planlegg ut fra din kommunes forutsetninger og behov.' Below this is an illustration of people working together. The main content area is divided into four colored boxes: 'Kommunal planstrategi' (orange), 'Kommuneplanens samfunnsdel' (light orange), 'Kommuneplanens arealdel' (yellow), and 'Handlings- og økonomiplan' (grey). Each box has a brief description and a 'Start med...' button. Below these is a section titled 'Slik henger det sammen:' with the sub-heading 'Om plansystemet', which explains the relationship between the plan system, the budget, and the annual report. This section includes an illustration of people holding a large puzzle piece. At the bottom, there are three columns with icons and text: 'Hvordan få til god planbasert styring?' (with a list of topics like budget and evaluation), 'Hvor kan jeg få hjelp?' (with a list of topics like planning and regional planning), and 'Kunnskapsgrunnlag' (with a list of topics like knowledge management and regional planning). The footer contains contact information, a list of navigation links, and a design credit to 'Design og tekst av Innes'.

løysinga. Denne brukarundersøkinga viser også at Merkur-programmet i svært stor grad har bidrege til at butikkane har investert i ny teknologi.

Liberty Now har gjort utrekningar som viser at butikkar som har investert i ny teknologi kan redusere CO²-utslepp med så mykje som 55 % gjennom redusert matsvinn, redusert energibruk og mindre bilkøyring for kundane.

Samarbeid med andre

Distriktssenteret arbeider ofte saman med andre for å finne fram til kva som er dei mest tenlege måtane å ta kunnskapsutviklinga vidare. Gjennom åra har vi fått arbeidd fram mykje kunnskap om innvandrarar i Distrikts-Noreg. Kunnskapen på dette området har vore med på å skape endring i arbeidsmåtane til mange distriktskommunar, men det er ei stund sidan den vart oppdatert. I november vart fem forskingsmiljø bedne om mellom anna å leggje fram forskning og reflektere over innvandrarar som ressurs i distrikta og delta på ein arbeidsverkstad saman med representantar frå KDD, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, IMDi, KS og fire fylkeskommunar. Eit viktig innspel frå verkstaden var at sjølv om det er behov for meir forskning, er mykje av den eksisterande forskinga relevant og viktig å ta i bruk i praksis. Det er framleis slik at, både for innvandrarar og andre tilflyttarar, det aller viktigaste ein kan gjere lokalt er å vere oppteken av dei som kjem og leggje til rette for at dei skal bli verande lengst mogleg.

3.2. Prioritering og ressursbruk

Fleire gonger i løpet av året har vi hatt besøk frå KDD, mellom anna statsråden og departementsråden. Slike besøk er nyttige og lærerike for oss. Då får vi høve til å oppdatere departementet om kunnskapen og arbeidsmåtane våre. Vi får også lettare formidla kva som skjer i kommunane i Distrikts-Noreg. I tillegg får vi mykje betre kunnskap om kva som skjer i departementet og avstemt arbeidet vårt. Vi har også hatt felles leiarsamling med Regionalpolitisk avdeling, noko som er nyttig for samordning av samla ressursar til kunnskapsutvikling og fagleg samarbeid.

Distriktssenteret opplever høg etterspurnad og ønskje om samarbeid frå ulike aktørar på alle forvaltningsnivå. Når vi prioriterer, legg vi vekt på at vi skal vere til nytte for hovudmålgruppene våre: distriktskommunar og distriktsbutikker. Sidan det meste av aktiviteten vår er fleksibel og skalerbar, er det ofte lettare å synleggjere det vi har gjort og resultatata av det enn kva som er nedprioritert og kanskje manglar resultat. Det er to viktige grunnar til dette: Hovudprioriteringa vert gjort i den årlege verksemdsplanlegginga vår. Der vert planar lagt til side før dei vert sett inn i verksemdsplanen, fordi det ikkje er nok ressursar til å gjennomføre dei, eller fordi ei fagleg vurdering tilseier at andre aktivitetar, produkt og tenester vil gje meir nytte for målgruppene. Det andre er at vi gjennom året heile tida gjer slike vurderingar og når ein aktivitet vert opprioritert, kan ein annan like gjerne bli sett ut i tid som å bli lagt vekk. Det gjer at resultatet av den aktiviteten også kjem, men kanskje på eit anna tidspunkt enn opphavleg planlagt.

I 2023 sette leiargruppa opp desse strategiske føringane for å styre ressursbruken og prioriteringane:

- Prioritere aktivitetar som bidrar til å styrke laget rundt 5 og 6-kommunane gjennom samarbeid med regionale aktørane.
- Prioritere aktivitetar som gjer at distriktskommunane kjem godt i gang med planlegging for berekraftig samfunnsutvikling etter valet.
- Prioritere aktivitetar som gir kommunar og butikkar kunnskap om korleis dei skal jobbe med omstilling, innovasjon og tenesteutvikling.
- Prioritere aktivitetar som gjer at våre faglege innspel blir brukt når nasjonal politikk blir diskutert i kommune- og fylkesvalskampen.
- Når vi følgjer opp kommunar tett over tid, prioriterer vi aktivitetar som er i gang, jf. Distriktskommune 3.0, Aldersvenlege bustader og bumiljø, Framtidas nærbutikk i det fleifunksjonelle bygget, samarbeidsavtalar med fylkeskommunar og evt. oppdrag frå departementet.

Sjølv om reiseaktiviteten vår framleis er høg, prioriterer vi i mykje større grad enn før pandemien å gjennomføre aktivitetar digitalt. Det gjer at vi kan følgje opp fleire med mindre ressursbruk, sidan vi slepp reisetid.

3.3. *Oversikt over rapporteringspunkt frå tildelingsbrevet*

Styringsparameterane for Distriktssenteret er endra i løpet av 2023. Vi finn det mest naturleg å analysere aktiviteten i 2023 ut frå dei nye styringsparameterane, og det er difor dei vi trekk fram her.

Styringsparameter for 3.1 Styrka kapasitet for samfunnsutvikling i distriktkommunar

1. Andel og type brukarar som har nytta seg av tilbodet frå Distriktssenteret – Analyse og vurdering
2. Andel som opplever at dei får styrka innovasjons- og utviklingskultur etter Distriktssenterets tilbod – Analyse og vurdering
3. Omfang og type av samarbeid og samhandling med regionale aktørar – Analyse og vurdering

Vi har ikkje gjennomført brukarundersøkingar retta mot kommunar i 2023. Vurderingane her er knytt til tilbakemeldingar vi får på andre måtar. Samstundes er den omfattande brukarundersøkinga frå 2022 (Brastad, Løkken, & Opdal, 2022) framleis relevant og bakgrunn for vurderingane vi gjer om vår eigen aktivitet.

Andel og type brukarar som har nytta seg av tilbodet frå Distriktssenteret

Vår eiga kartlegging av aktiviteten i 2022 viste at vi hadde kontakt med 116 kommunar. 91 av desse er i sentralitetsklasse 5 og 6. Vi har ikkje gjort tilsvarende kartlegging for 2023. Vi trur det er lite endring og at vi også i år har hatt kontakt med rundt to tredeler av kommunane i sentralitetsklasse 6 og ein tredel av kommunane i sentralitetsklasse 5.

I 2022 peikte Oxford Research på at det er stor variasjon mellom kommunane i kva grad dei brukar Distriktssenteret, og at det er dei mest utviklingsorienterte kommunane som brukar Distriktssenteret mest. Ut frå aktiviteten i 2023 ser vi same bilde. Vi veit at nokre distriktkommunar kunne hatt god nytte av bidrag frå oss. Det føreset at dei sjølve eller deira fylkeskommune tek kontakt. Vi har stor merksemd på å hjelpe dei rette kommunane, og der vi samarbeider godt med fylkeskommune og statsforvaltar er det lettare å få det til. [Prosjektet for politikaopplæring i Møre og Romsdal](#) er eit døme på korleis det vert arbeidd for å nå utvalde kommunar med koordinert, målretta og tilpassa rettleiing, på same tid som det vert lagt til rette for meir sjølvbetent rettleiing for alle andre.

Andel som opplever at dei får styrka innovasjons- og utviklingskultur etter Distriktssenterets tilbod

I brukarundersøkinga i 2022 konkluderte Oxford Research med at Distriktssenteret bidreg til å bevege kommunane i rett retning når det gjeld kompetanse, utviklingsarbeid og utviklingskapasitet. Den viste også at overordna kultur for utvikling og innovasjon er viktig for bruken av tenestene frå Distriktssenteret. 29% av dei som svarte i brukarundersøkinga mente at Distriktssenteret i stor grad har bidratt til forbedra utviklingskultur. 27 % av respondentane meinte at Distriktssenteret i stor grad har bidratt til auka utviklingskompetanse (ferdigheiter og kunnskap).

Omfang og type av samarbeid og samhandling med regionale aktørar

Vi samarbeider med alle fylkeskommunar som har kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. Det er stor variasjon mellom fylkeskommunane når det gjeld kor mykje og tett samarbeid vi har med dei. I enkelte fylke er samarbeidet avgrensa til gjensidig informasjonsutveksling og konkrete faglege bidrag frå oss på førespurnad. I andre fylke samarbeider vi i tillegg om å gje felles og samordna bistand til lokalt utviklingsarbeid i enkeltkommunar eller grupper av kommunar.

Etterspurnaden frå fylkeskommunar, som blir betre og betre kjent med kunnskapsgrunnlaget i Distriktssenteret, er stor. Vi får mellom anna spørsmål om kunnskap og erfaringar knytt til rettleiarrollen, prosessplanlegging og metodar og verktøy vi har bygd opp og presentert på nettet. Frå brukarundersøkinga i 2022 veit vi at fylkeskommunane er nøgde med samarbeid og dialog med Distriktssenteret, og har nytte av

kunnskap, erfaringar og metodikk frå Distriktssenteret. I veksende grad har vi også slikt samarbeid med statsforvaltarane. Aller lengst har samarbeidet kome i Møre og Romsdal.

Styrke arbeid med nyskaping og innovasjon i distriktskommunar

Distriktssenteret har teke initiativ til og starta opp digitale nettverkssamlingar for kommunar som arbeider med nyskaping i kommunen sitt arbeid med tenesteproduksjon- og leveranse, næringsutvikling og stadutvikling. Interesse for innovasjonsnettverket har vore god og engasjementet frå deltakarane bidreg til god kunnskapsdeling.

Distriktssenteret har delteke i Innovasjon Norge, Telemark og Innlandet fylkeskommunar sitt prosjekt Utviklingsevne. Prosjektet har som mål å utvikle og prøve ut metodar og verktøy som bidrar til å utvikle og måle omstillingskommunanes utviklingsevne. Vi har ein deltakar i styringsgruppa og ein i ressursgruppa for prosjektet, som arbeider for å skape større forståing for korleis vi skal forstå utviklingsevne i arbeid med nærings- og samfunnsutvikling i distrikta. For Distriktssenteret er denne kunnskapen viktig når vi skal forstå kva som må styrkast i distriktskommunane for å skape resultat i lokalt utviklingsarbeid. Vårt bidrag i arbeidet byggjer på det vi tidlegare har gjort rundt utviklingskapasitet, og omfattande kunnskap om næringsutvikling i distriktskommunar. Sjølv om utviklingsevneprosjektet tek utgangspunkt i omstillingskommunar, er både utfordringane og metodane overførbare til andre kommunar. Vi bidreg for å skape ei felles forståing for korleis både å skape og måle utviklingsevne skal ha verdi ut over omstilling. Saman med Telemark fylkeskommune er vi alt i gang med å sjå på korleis vi kan ta læringa vidare til andre distriktskommunar i fylket.

Pilotprosjektet *Framtidas nærbutikk i det fleirfunksjonelle bygget* gjekk inn for å finne nye måtar å arbeide med lokalsamfunnsutvikling gjennom butikkutvikling. Det var krav til deltakarbutikkane om at kommunen skulle vere med på laget. Dei ulike pilotane fekk støtte frå design- og arkitekturteam for å jobbe etter designdriven metodikk. Samarbeidet mellom ulike utviklingsaktørar, med kommunen og butikken som sentrale partar, var viktig. Gjennom følgjeforskinga har vi lært at kommunane kunne ha blitt involvert meir og at forventningsavklaringane kunne ha vore betre (Bjørgero, Knudsen, Løkken, Simonsen, & Hauge, 2023). I prosjektet lærte vi også at når ein arbeider aktivt for å koordinere offentlege verkemiddelaktørar, er det lett å gløyme å sjå etter andre verkemiddel og samarbeidspartar.

Bygdevekstavtalar

Bygdevekstavtalane er eit av områda der Distriktssenteret følgjer opp lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Det gjer vi særleg gjennom prosjektleiarnettverket vi har fått ansvar for å drifte. 16 av 17 samlingar det første året har vore digitale. Dette er ein likelæringsarena mellom prosjektleiarane, som sjølv definerer innhaldet. Distriktssenteret har etter kvart mykje erfaring med at slike arenaer er med på å byggje tillit og legg til rette for god erfaringsutveksling mellom deltakarane. Liknande nettverk vart mellom anna brukt i Distriktskommune 3.0 og Rettleiingspiloten. Gjennom nettverket lærer også vi mykje om kva som krevst for gjennomføring av bygdevekstavtalane. Distriktssenteret si hovudoppgåve ved sida av nettverket er å støtte KDD i arbeidet, og vi deltek mellom anna i ressursgruppa for pulje 1. Der fylkeskommune eller statsforvaltar ber om det, kan Distriktssenteret delta med faglege bidrag inn i arbeidet i den enkelte deltakarregionen. Det er avgjerande at slik innsats er tilpassa ressursane som er tilgjengeleg i Distriktssenteret. I 2023 har vi brukt kring eitt årsverk på samarbeidet.

Eit anna, svært viktig resultat av arbeidet med bygdevekstavtalane, er det styrka og tillitsfulle samarbeidet som har vekse fram mellom KDD og Distriktssenteret. Vi opplever at dette ikkje berre er nyttig på dette området, men at det har smitta over på andre område, slik at samarbeidsklimaet no er svært godt.

Bustader og bumiljø

Saman med Husbanken har vi gjennomført det treårige prosjektet *Aldersvennlege bustader og bumiljø i distrikta*. Nettverket er avslutta og rapport frå arbeidet er ferdig, men ikkje offentleggjort. Det er produsert mykje innhald i form av eksempel og læringsartiklar til den planlagde verktøykassa. Dette er under publisering i første kvartal 2024. Gjennom prosjektet har vi fått bekrefta og forsterka kunnskap om korleis bustadmarknader i distrikta fungerer. Prosjektet har fått fram gode døme på lokalt arbeid. Vi bruker aktivt erfaringane og kunnskapen, og spreier den mellom anna i møte med kommunane. Det er stor interesse for

tematikken i kommunane. På erfaringswebinaret i slutten av prosjektet var det stor deltaking. Læringa frå prosjektet er mellom anna at det er behov for at kommunane tek ei aktiv rolle, men at dei treng meir kapasitet, kompetansestøtte og tilpassa rettleiing. Det er handlingsrom til å ta distriktsomsyn i dei økonomiske verkemidla og det er behov for å auke kommunane sin kunnskap om verkemidla. Samstundes strekk ikkje dagens verkemiddel til for å løyse ut tilstrekkeleg utvikling av aldersvennlege bustader og bumiljø i distrikta. Vi opplever at det er styrka bevisstheit, både regionalt og lokalt, om bustadpolitikk som verktøy for å møte demografiutfordringane. Prosjektet har også ført til at samarbeidet vårt med Husbanken har blitt tettare.

Distriktssenteret ser at det er behov for støtteordningar som [Tilskotsordninga for bustadtiltak i distrikta](#). Vi forvaltar ordninga saman med Husbanken. Samtidig har kommunane behov for rettleiing og sparring for å kunne nyttiggjere slike ordningar. Prosjekta som kom i gang i 2023 viser at dei distriktskommunane som prøver å ta ei ny rolle i bustadarbeidet treng nokon å sparre med undervegs. Her har det vore fornuftig å kople på fylkeskommunane. Bustadarbeid berører dei fylkeskommunale oppgåvene både om regional utvikling og planrettleiing.

Planlegging for politikarar i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Distriktssenteret samarbeider om eit felles opplegg for politikaropplæring i valperioden 2023-2027. Siktemålet med samarbeidsprosjektet er å prøve ut nye måtar å gjennomføre politikaropplæring på. Vi ønskjer ei politikaropplæring som blant anna legg til rette for auka forståing for strategisk planlegging og læring over tid.

Prosjektet har to spor. I det eine sporet får utvalde distriktskommunar i fylket tilbod om opplæring og oppfølging tilpassa kommunen gjennom heile valperioden. Det andre sporet er digitalt og tilgjengeleg for alle, både i og utafor fylket. Filmene er ein viktig del av dette sporet. Nokre av filmene vil i tillegg til noverande publisering gjennom statsforvaltaren bli gjort tilgjengeleg på [enkelplanlegging.no](#) og [distriktssenteret.no](#) saman med anna rettleiingsmateriell om kommunal planlegging.

Kommunal- og distriktsdepartementet har finansiert dei fire hovudfilmene. Distriktssenteret, Statsforvaltaren og fylkeskommunen har stilt med faglege og kommunikasjonsfaglege ressursar.

Statsforvaltarane, fylkeskommunane og Distriktssenteret har alle som oppdrag å rettleie kommunane i utviklings- eller planarbeid. Distriktssenteret er ikkje planfagleg rettleiar, men gir rettleiing om korleis planlegging er ein del av arbeidet med samfunnsutvikling.

I Møre og Romsdal brukar dei tre aktørane prosjektet til å samarbeide for å finne nye, ressurs- og formåleffektive måtar å rettleie på. Det er viktig at erfaringane blir delt i andre fylker, noko Distriktssenteret har eit spesielt ansvar for. Filmene er tilgjengelege for alle, og har like stor nytteverdi i andre fylke. At innhaldet er digitalt gjer at det kan bli brukt på nytt i ulike samanhengar, og ikkje er avhengig av ein foredragshaldar som er tilgjengeleg på enkeltarrangement.

Det pågår ein prosess for å avklare korleis prosjektet skal evaluerast. [Les heile artikkelen](#).

Styringsparameter for 3.2 Tilgang til grunnleggande private tenester i distrikta

4. Omsetningsutvikling – Analyse og vurdering
5. Overlevingsrate – Analyse og vurdering

I 2023 gjennomførte Oxford Research ei brukarundersøking blant daglegvarebutikkane i Merkur-programmet (Brastad, Løkken, & Opdal, 2023). 93 % av butikkane som har svarta seier at deltaking i Merkur-programmet er viktig for butikken si overleving og lønnsemd. Distriktssenteret opplever rapporten som ei stadfesting av at mykje vert gjort rett i Merkur-programmet. Rapporten stadfester at programmet er eit effektivt distriktspolitisk verkemiddel. At vi alt før rapporten var levert hadde retta søkjelyset mot fleire av punkta Oxford tilrår å sjå nærare på, viser at vi har sett dei same signala frå butikkane og ønskjer å gjere



noko med dei. Dette gjeld til dømes arbeid med å kople kommune og butikk, arbeid med eigarskifte, innspel om forskriftsendringar og arbeid for å gjere søknad og rapportering gjennom regionalforvaltning.no betre.

Omsetningsutvikling

Vi har ikkje analysert omsetningsutviklinga ut over brukarundersøkinga som er nemnt over. Om lag 70 av dei totalt 560 Merkur-butikkane som har investert i teknolog som gjer dei i stand til å legge om drifta til delvis sjølvbetjent betjening. Erfaringane med digitale butikkar viser at ein kan snu butikkens økonomi frå tap til lønnsam drift. Butikkane skapar vekst, lønnsemd og tilgjengelegheit. Butikken sin økonomiske situasjon er styrka. Basert på tal frå daglegvarekjedene kan vi samanlikne eit utval av Merkur-butikkar med ny teknologi med andre daglegvarebutikkar. Utvalet av Merkur butikkar hadde i 2023 ein vekst på nær 30 % samanlikna med året før. Andre samanliknbare butikkar hadde ein vekst på 1,6 %.

Overlevingsrate

Sjølv om brukarundersøkinga viser at deltaking i Merkur-programmet er viktig for butikken si overleving og lønnsemd, er ni butikkar lagt ned i 2023 utan at det til no er opna ny butikk på staden. Fleire stader bidreg Merkur-konsulentane med initiativ til å starte opp att desse butikkane. Dei fleste som legg ned, gjer dette på grunn av dårleg inntening. Flest butikkar er lagt ned i Innlandet ([sjå vedlegg 7.1](#)). Talet på bokhandlar i Merkur-programmet er ganske stabilt.

Merkurs kompetanseprogram

Butikken blei redninga under ekstremvêret

Nærbutikken blei redninga for både turistar og lokalbefolkning då ekstremvêret Hans herja i Hallingdal. Snarkjøp Samhald Landhandel på Leveld fungerte både som forsyningshub og beredskapsbase då naudnett, telefoni, internett og annan infrastruktur forsvann i andre deler av Ål kommune. Beredskapsløysinga i den digitale butikken gjorde at drifta kunne halde fram. Det vart også mogleg for kundane å bruke butikken sitt nett til å kommunisere med omverda.

Les heile saka: [Butikken ble «redningen» under ekstremværet.](#)



Foto: Samhald landhandel

Oppfølgingsordninga

Besøksordninga er frå 2023 gjort om til oppfølgingsordninga, og det er gjennom denne Merkur-konsulentane følgjer opp butikkane for å tilføre kompetanse og gir rettleiing som skal styrke butikkane si omsetjing og betre lønnsemd. Denne oppfølginga legg grunnlaget for deltaking i Merkur utvikling og omstillingsprosjekt. Vi kan ikkje måle effekten av oppfølgingsordninga åleine, men butikkane gir konsulentane svært god omtale i brukarundersøkinga (Brastad, Løkken, & Opdal, 2023). Utviklinga i butikkane skjer når kompetanse- og støtteordningane verkar i lag.

Hovudutfordringane Merkur-konsulentane avdekkjer gjennom oppfølgingsordninga er svak lønnsemd og behov for tiltak når kostnadene aukar. Mange butikkar har eit stort behov for fornying og modernisering, men har så svak likviditet at det hindrar investeringane. Det er uavklarte situasjonar rundt eigarskifte, og mange treng hjelp til å finne måtar å møte framtidige endringar i kundebehov og handlemønster.

NÆR Innovasjonsprogram

Etter pilotprosjektet «Fleksible opningstider med ny teknologi» har mange butikkar kome til og investert i slik teknologi. Dei har opplevd ei positiv utvikling. For å leggje til rette for å følgje opp og koordinere arbeidet med slike **butikkar med delvis sjølvbetent drift**, har ein av Merkur-konsulentane fått ansvar som fagansvarleg. Han legg mellom anna til rette for prekvalifisering og dialog med kjedene. Det vert også arbeidd med å teste ut samarbeid mellom butikkar med digital drift, mellom anna for å kunne gje kundestøtte til kvarandre sine kundar.

Det er planlagt eit pilotprosjekt for **mentoropplæring**. Gjennom det vil vi gi nokre erfarne kjøpmenn opplæring for at dei skal kunne gå inn som mentorar for at nye kjøpmenn skal få ein god start. Sjølve

opplæringa blir gjennomført vinteren 2024, og målet er at ei slik ordning skal kunne skalerast opp til å gjelde heile landet i framtida.

Innovasjonsprosjektet **Framtidas nærbutikk i det fleirfunksjonelle bygget** vart gjennomført i 2022 og 2023. Tre pilotprosjekt har vore med. Alle består av lokale samarbeid mellom nærbutikk, kommune og andre lokale aktørar med nærbutikken i sentrum - Nordmela landhandleri og kafè på Andøya i Nordland, Gamvik Handel i Gamvik i Finnmark og Joker Grue Finnskog i Innlandet. I prosjektet er designdrivne metodar brukt for å finne fram til nye tenestemodellar og foreslå fysiske løysingar på bygg og uterom. Oxford Research har følgeforska prosjektet, og trekk fram at dei tre pilotane har kome langt i utviklinga av konseptane sine (Bjørge, Knudsen, Løkken, Simonsen, & Hauge, 2023). Dei peiker på at det vil vere mogleg å overføre læring til andre, spesielt lokalsamfunnsverkstaden i Gamvik, om denne vert teke vidare i ein gjennomføringsfase. Prosjektet sine erfaringar med å arbeide med verkemiddelaktørane er omtalt under [Samspel knytt til tenesteutvikling](#).

Økonomiske støtteordningar i Merkur-programmet

Dei ordinære støtteordningane i Merkur-programmet omfattar dei fem ordningane investeringsstøtte, utviklingsstøtte, investeringsstøtte til drivstoffanlegg, servicestøtte og utviklingsstøtte til bokhandlar. Det er investeringsstøtta som utgjer den største delen av dette. I 2023 vart det innvilga investeringsstøtte på 51,4 millionar kroner av totalt 57,8 millionar.

Det var først sett av 40,2 millionar kroner til dei ordinære støtteordningane. I tillegg stod det att om lag 12 millionar kroner frå straumstøtte i 2022. Desse midlane er brukt til straumstøtte i 2023, utan at det var stort behov dei månadane som var plukka ut for å gje straumstøtte. Resten av midlane vart overført til investeringsstøtte øyremerka enøk-tiltak. Som alltid er det også nokre midlar som vert inndregne eller tilbakebetalt. Til saman er det forklaringa på at det er mogleg å tildele meir midlar enn først budsjettert. Distriktssenteret forventar at etterspurnaden etter støtte, spesielt til investeringar, vil halde seg høg. Det gjer at vi også i 2024 vil gå tom for midlar ganske tidleg på året.

I 2023 bad Distriktssenteret styret om å gjere tydelege prioriteringar av midlane. Støttesatsane til mindre prioriterte føremål vart redusert til 50 og 25 prosent. Programmet gjekk i hovudsak tom for ordinære støttemidlar tidleg på sommaren. Etter det vart det stort sett gitt støtte til enøk-tiltak, som hadde øyremerkt midlar. Det vart også halde att midlar til servicestøtte for å prioritere dei minste og mest marginale butikkane. Difor var dette hovudmengda av tilsegnene i andre halvår.

Meir detaljar om støtteordningane står i [årsrekneskapan](#) og [vedlegga til årsrapporten](#), og i sak 03/24 til Merkur-styret (Distriktssenteret, 2024).

Samspel knytt til tenesteutvikling

Ei av oppgåvene til Merkur-konsulentane er å leggje til rette for gode koplingar mellom butikken og kommunen. Butikkane opplever konsulentane som nyttige på dette området, men ikkje i like stor grad som på andre område. På spørsmål i brukarundersøkinga om kor nyttig bistand frå Merkur-konsulentane har vore er svaret gjennomgåande at det har vore svært nyttig (Brastad, Løkken, & Opdal, 2023). Nyttan har vore minst når det gjeld Merkur-konsulentens bidrag til å kople butikken og kommunen (81 %) medan på andre område trekk så å seie alle butikkar fram at bistanden har vore nyttig (93-96 %).

I arbeidet med prosjektet Framtidas nærbutikk i det fleirfunksjonelle bygget vart det oppretta ei eiga verkemiddelgruppe med representantar frå blant anna Innovasjon Norge, Husbanken, SIVA, Nordland fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune. I følgeforskningsrapporten skriv Oxford Research at gruppas arbeid har fungert for overordna å sjå på korleis ulike verkemidlar kan spele på lag i utviklingsprosjekt i distriktssamfunn, men i liten grad fått til å jobbe med finansieringsløysingar lokalt (Bjørge, Knudsen, Løkken, Simonsen, & Hauge, 2023). Oxford skriv også at det hadde vore ein fordel om kommunane hadde vore endå meir involvert i dei lokale pilotprosjekta, og at det er viktig å sjå ut over offentlege aktørar når ein vurderer tilgangen på verkemiddel i slike samarbeidande lokale samfunnsutviklingsaktivitetar. Distriktssenteret ser at det er eit lokalt potensial for å tilby tenester og samordne fleire aktørar, aktivitetar og tilbod med nærbutikken som utgangspunkt. Det vil gje lokalbefolkninga og besøkande, kommunen og næringsliv eit betre tilbod. Samtidig er det avgjerande at verkemiddelapparatet vert samordna betre om ein skal få det til.

Kommunale serviceavtaler i Kinn

Merkur-konsulent har bidratt sterkt til at det er signert nye samarbeidsavtaler mellom 5 nærbutikkar og Kinn kommune. Butikkane fekk først status som kommunalt servicepunkt i eit pilotprosjekt i 2017-2019. No er avtalane fornya for tredje gong, og butikkane skal fungere som eit kommunalt minitenestetorg. Dei nye samarbeidsavtalane er nokså omfattande. Nærbutikkane skal mellom anna kunne hjelpe kundane med digitale tenester, formidle kommunal informasjon, vere lokalt vertskap, tilby arbeidstrening for innvandrarar, ha ei rolle som beredskapspunkt, tilby hjartestartar, legge til rette for varelevering, tilby bibliotektenester og varsle om tømning av avfallsbeholdarar for glas og metall. Det skal også vere faste møte mellom kommunen og butikkane. Avtalen har en verdi på 50 000 kroner i året for kvar butikk.



Oppfølging av gjennomgangen av Merkur-programmet

Det veksende behovet for modernisering hos butikkane gjer at det er naturleg å prioritere strengare enn Merkur-programmet har gjort tidlegare. Dette vart også peika på av Menon Economics i sin gjennomgang av Merkur-programmet (Grünfeld, Grønvik, Angell, Foseid, & Winther-Larsen, 2021). Innafor støtteordningane vert kategoriane teknologi og nye moglegheiter, energieffektiviserande tiltak og arbeid med lønsame og berekraftige tilleggstenester som utviklingsaktør i lokalsamfunnet prioritert. Distriktsenteret opplever at slike prioriteringar gjer det lettare å forvalte støtteordningane og forklare til butikkane kva som skal til for å få støtte. Prioriteringane vert vidareført i 2024.

Merkur-konsulentane har vore mykje på besøk hos bokhandlane. Det har vore ein viktig del av arbeidet med å revitalisere tilbodet i Merkur bok. I region nord, der det er svært stor avstand mellom butikkane, er det etablert digital møteplass på Teams. På same måte som nærbutikkar står bokhandlane framfor generasjonsskifte og eigarskifte og ønskjer råd og støtte om det. Samstundes er mange opptekne av å betre lønsemda og utvikle nye bein å stå på. Distriktsenteret har arbeidd for å styrke forholdet til andre aktørar i bransjen gjennom samarbeid med og møte med til dømes dei tre bokhandlarkjedene, Bokhandlerforeningen, Litteratursymposiet i Odda, Fagskolen for bokbransjen, Litteraturalliansen og Rom for ord.

Distriktsenteret har også gitt KDD innspel til justeringar i Merkur-programmet der det vil vere behov for endring av forskrifta. Forslaget vi har levert tek mellom anna for seg behovet for å justere krav til årleg omsetning slik at det står samsvar med prisveksten. Vi foreslår også å auka satsing på servicetilskot til dei minste butikkane og justering av ulike rutinar. Vi er også i gang med å vurdere framtidig verkemiddelmiks i programmet.

3.4. Utgreiingar og kunnskapsprodukt

Utgreiingar og kunnskapsprodukt der arbeidet er starta opp eller slutført i 2023, ut over lærings- og eksempelartiklar på nettsidene:

- enkelplanlegging.no, nettbasert rettleiar i planarbeid for distriktskommunar, Finansiert av KDD og Distriktssenteret
- [Butikkstøtte som styrker distriktssamfunnet](#), Brukarundersøking Merkur-programmet, Ruralis
- [Forenkling eller forbedring? Plankultur som grunnlag for strategisk samfunnsutvikling i de minste kommunene](#), Sluttrapport frå følgjeforskning Distriktskommune 3.0, Ruralis og Nordlandsforskning
- [Behov for ny kunnskap om innvandrere i distriktene](#), forskarverkstad og notat
 - [Fra integrering til mangfoldstenkning og forskjellsfellesskap på bygda](#), UiT
 - [Oppsummert forskning og nye analyser av flyttemønster blant unge med innvandrerbakgrunn](#), NIBR/Oslo Met
 - [Innvandring og inkludering i distrikts-Norge. Kunnskapsstatus og -behov](#), NTNU
 - [Innvandrerens deltakelse i sivilsamfunnet](#), Norce
- [Ungdomsmedvirkning i distriktskommuner – Oppsummering av eksisterende forskning](#), Oxford Research
- Utviding av eksisterande [guidar, metodar og verktøy på distriktssenteret.no](#) med nytt innhald (løpande)
- Følgjeforskning «Framtidas nærbutikk», Oxford Research (publisering mars 2024)
- Under arbeid:
 - Frivilligsentralanes rolle i tenesteutvikling og -tilbod i distriktskommunar, Ideas2evidence (planlagt ferdig september 2024)
 - Bo- og flyttemotiv i ulike sentralitetsklassar, Telemarksforskning (planlagt ferdig mars 2024)
 - Bærekraftige samarbeidsmodeller for fylkeskommunenes innsats mot distriktskommuner, samarbeid med Trøndelag fylkeskommune, Oxford Research (planlagt ferdig 2025)
 - Samanstilling av innsikt frå 10 næringsundersøkingar, Distriktssenteret (planlagt ferdig våren 2024)

4. Styring og kontroll

4.1. Overordna vurdering

Vi vurderer samla måloppnåing som god.

Vi styrer etter Hovedinstruks for Distriktssenteret. Internkontrollrutinar er i samsvar med DFØ sine rutineskildringar for fullservicekundar, og relevante rettleiarar frå m.a. Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet.

I ei rekkje samanhengar opplever Distriktssenteret at det er utfordrande å vere ein liten etat. Vi har dei same krava til styringssystem, rapportering, informasjonssikkerheit, personvern og mykje anna som store etatar. Dette er viktige krav, men i ein liten organisasjon er det krevjande å ha dei rette ressursane og kompetansen til god oppfølging. I 2023 har vi saman med Husleigetvistutvalet spelt inn behovet for meir støtte på slike felt, til dømes gjennom sentrale fellestenester. Vi opplever at KDD forstår utfordringane og vi ser fram til moglege løysingar. Vi har også meldt oss til referansegrupper hos DFØ for å kunne vise fram småetatperspektivet, utan at vi til no opplever å ha blitt høyrte der.

Forvaltning av støtteordningar

Distriktssenteret har over lengre tid sett det som utfordrande at Regionalforvaltning som søknads- og sakshandsamingsverktøy har utfordringar knytt til funksjonalitet, tilgjengelegheit og sikkerheit. Kapasiteten hos utviklar og driftsansvarleg er også avgrensa, slik at det har vore utfordrande å ta tak i dette.


Sidan søknadsskjema frå Merkur-programmet berre har vore tilgjengeleg på ei målform, har vi brote mållova slik løysinga har vore. Hausten 2023 gav KDD utviklaren klarsignal til å bruke ressursar på utbetringane Distriktssenteret har hatt mest behov for. Då har vi på same tid sytt for å få ei løysing som gjer søknadsskjema tilgjengeleg på begge målformer og gjort ein omfattande gjennomgang av skjema for å sikre klart språk. Vi har også lagt inn oppslag mot Einingsregisteret for å sikre meir korrekte opplysningar i søknadane. Det vil i neste omgang spare både sakshandsamarar og søkjarar for bruk av ekstra tid til feilretting.

Vi ser framleis store utviklingsbehov for Regionalforvaltning, og ser svært positivt på at KDD har teke initiativ til å finne nye måtar å løyse behovet for ei forvaltningsløysing for støtteordningar frå det offentlege.

På bemanningssida har vi gjennom rekruttering og opplæring arbeidd for å sikre at Distriktssenteret har riktig kapasitet og nok reservekapasitet til å sikre god og effektiv sakshandsaming innafor Merkur-programmet.

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Vi er opptatt av å ha eit inkluderande arbeidsliv og legge til rette for eit godt arbeidsmiljø. Dette går igjen når vi oppdaterer og reviderer våre retningslinjer på personalområdet og det er eit viktig tema i rekrutteringsprosessar. Sjukefråværet kan vere ein indikator på eit godt arbeidsmiljø. Fråværet er høgare enn målsettinga, men årsaka til fråværet ligg utanfor det arbeidsgjevar kan påverke. Gjennom tett oppfølging av dei tilsette arbeider vi for å unngå at forhold på jobb er årsak til fråvær.



Likestilling og diskriminering

I Distriktssenteret har vi for lite mangfald. Trass aktiv jobbing med utlysingstekster, bildebruk og fleksibilitet i stillingsstorleik, har vi ikkje lukkast med å få kvalifiserte søkarar med innvandrabakgrunn, funksjonsnedsetjing eller hol i CV til å søkje på utlyste stillingar. Vi har tidlegare hatt ein eigen handlingsplan for inkludering, og arbeider framleis etter prinsippa i den, men har ikkje klart å auke mangfaldet i organisasjonen.

	Kjønnsbalanse			Kvinnens lønn i % av menn (kr/%)	Deltid		Midlertidig tilsetjing		Foreldrepermisjon (fordeling)		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	Total		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
2022	33,3	6,77	30	101,80	3,7	0,0	3,7	0,0	100	0	0,0	7,8
2023	32	68	28*	101,0	3,7	0,0	0,0	0,0	0	100	0,0	8,99

*Tall tilsette i denne tabellen er henta frå rapport utarbeid av DFØ. Dei har ein annan måte å berekne tall tilsette på enn SSB. Difor er det 1 i avvik frå tabellen på s. 7.

Distriktssenteret har få tilsette innafor stillingskategoriar ut over seniorrådgjevarar. Difor set vi ikkje opp oversikt over løn pr. stillingskategori pr kjønn.

Det er ikkje lønsmessige ulikskapar mellom menn og kvinner i Distriktssenteret. For andre år på rad er kvinnens lønn høgare enn menns lønn.

Hovudregelen i Distriktssenteret er 100 % fast stilling. Ein mann arbeider i redusert stilling. Dette er frivillig og ein del av førebuing til pensjonsalder. Vi har ingen vikarar.

Internkontroll

Leiargruppa har gjennomført ei beredskapsøving i 2023. Dette var ei diskusjonsøving som tok for seg scenario innan IT-sikkerheit og uønskt seksuell merksemd. Beredskapsplanen blir justert med utgangspunkt i lærdom frå øvinga.

HMS

Samarbeidsutvalet, som er sett saman av representantar frå arbeidsgjevarsida og arbeidstakarorganisasjonane har 3-4 møte kvart halvår. I 2023 har utvalet handsama 40 saker innan personalområdet, verksemdstyring og saker som etter hovudavtalen skal drøftast med organisasjonane. Evaluering av Samarbeidsutvalet viser at det er eit tillitsfullt og godt samarbeidsklima mellom dei tillitsvalde og leiinga.

Medarbeidarundersøkinga vi gjennomførte våren 2023 viser saman med brukarundersøkingane dei siste åra at vi er ein veldreven og målretta organisasjon. Dei tilsette gir gode tilbakemeldingar på både fysisk og sosialt arbeidsmiljø.

I desember 2023 gjennomførte ei spørjeundersøking om korleis organisasjonsmodellen vi innførte i oktober 2021 fungerer. Resultatet viser at organiseringa fungerer godt.

Universell utforming

Alle dei tre nettsidene Distriktssenteret (distriktssenteret.no, merkur-programmet.no og enkelplanlegging.no) har ansvaret for har tilgjengelegheitserklæringar publisert på uustatus.no. Dei einaste krava vi ikkje oppfyller, er knytt til manglande teksting på enkelte eldre, lange videoar. Dette er opptak med låg trafikk som det vil vere ressurskrevjande å utbetre. Difor har vi valt å ikkje prioritere det. Regionalforvaltning, som søknadsskjema i Merkur-programmet ligg på, har ikkje tilgjengelegheitserklæring. Vi har freista å kompensere for dette gjennom klarspråk og utforming av skjema vi har oppdatert, i den grad det er mogleg.

Informasjonssikkerheit

I løpet av 2023 har vi vorte meir medvitne på at også Distriktssenteret står framfor eit høgare trusselnivå knytt til IT-sikkerheit og høge kompetansebehov innan IT generelt. I desember opplevde vi brot på

personvernreglane då DFØ gjorde ei feilprogrammering i personalsystemet som gjorde det mogleg for enkelte brukarar i andre statlege etatar å sjå enkelte personalopplysningar om våre tilsette. Hendinga varte berre nokre få timar, og vart meldt til Datatilsynet, sjølv om risikoen for misbruk av potensielt eksponerte data vart vurdert som låg. Denne hendinga avdekte at sjølv om vi har tydelege rutinar for slike hendingar, tok det tid før vi gjennomførte dei.

Vi møter dette med å leggje meir vekt på arbeidet rundt IT-sikkerheit, og på slutten av året lyste vi ut eit oppdrag for modenheitsanalyse av sikkerheitsarbeidet vårt. Målet er å avdekke manglar, bli meir bevisste på kva som er eit akseptabelt risikonivå for verksemda vår og auke kompetansen. Rapport frå analysen blir klar i april 2024. Då vil internkontrollen for IT-sikkerheit og personvern bli oppdatert.

Saman med læring frå opplevd sikkerheitsbrot og gjennomført beredskapsøving vil modenheitsanalysen vere grunnlag for oppdatering av interne krav og rutinar på området. Dette vil også inngå i vurderingane av ny IT-driftsleverandør, som vi har som mål å få på plass i løpet av 2024.

Distriktssenteret er knytt til Nasjonal sikkerhetsmyndigheits (NSM) sårbarheitskartlegging Allvis NOR.

Berekraft

I tillegg til at kunnskapen frå Distriktssenteret bidreg til kommunar og butikkars arbeid med berekraft, legg vi vekt på at vår eigen aktivitet skal vere berekraftig.

Distriktssenteret handlar lokalt ved kvart kontor så lenge ikkje innkjøpsreglement eller statlege fellesavtalar er til hinder for dette

Datautstyr vert levert til sikker avhending og resirkulering gjennom den statlege fellesavtalen på området.

Organiseringa vår, med kontor på tre ulike stader i Distrikts-Noreg, saman med oppdraget vårt, gjer at vi vil ha omfattande reiseverksemd. Vi har likevel gjort endringar, og unngår å reise for å halde korte innlegg eller vere med på møte som kan haldast digitalt. Vi brukar digitale verktøy når det er mogleg, men i enkelte fasar av samarbeid, rettleiing og prosessarbeid krev fysisk deltaking for å få god effekt. Vi gjer vårt beste for å sikre at vi reiser miljøvenleg når vi er på reise.

4.2. Fellesføringar

Tillitsreform

Vi har gitt fleire innspel om forenklingar. I Merkur-forskrifta foreslår vi mellom anna forenkling av nokre dokumentasjonskrav til butikkane. På andre område har vi meldt eit behov for å sjå på ei differensiering av mellom anna rapporteringskrav mellom store og små verksemd. Gjennom fellestenester for dei minste statlege verksemdene vil vi også få tilgang på kompetanse og kapasitet til å gjere betre arbeid innan mellom anna personvern og IT-sikkerheit.

Kontakten vår med kommunar og fylkeskommunar, saman med vår tilnærming til medverknad og prosessgjennomføring, er med på å byggje tillit mellom forvaltningsnivå. Ved å bruke verktøya vi tilbyr, vil kommunane også kunne styrke tillitsforholdet til innbyggjarane.

Distriktssenteret har ein hybrid kvardag med stor grad av fjernleiing. Tillitsbasert leiing er eit viktig prinsipp i Distriktssenterets leiarplattform, og vi arbeider aktivt med godt medarbeidarskap.

Lærlingar

Distriktssenteret har etter dialog med opplæringskontoret for fag i kommunal sektor konkludert med at vi er for liten organisasjon til å kunne gi eit godt nok tilbod til lærling. Vi har vurdert å samarbeide med andre verksemd om lærling, men har ikkje komme i mål med dette.

I fleire år har Distriktssenteret tilbydd praksisplass til ein student ved sosiologistudent på Høgskulen på Vestlandet. Årets student hadde sin 7 veker lange praksisperiode i oktober og november.

Redusere konsulentbruken

I Merkur-programmet er det engasjert 10 konsulentar som i kvar sin region har som oppdrag å gjennomføre kompetanseprogrammet og bistå butikkane. Dei har fireårige avtalar med Distriktssenteret, og inneverande avtaleperiode går ut 31.7.2024. Oppdraga er lyst ut på nytt med same geografiske inndeling. Merkur-konsulentane har ei grunnfinansiering ut frå talet butikkar i regionen og ein distriktsfaktor. I tillegg kan dei be om ekstra løyving til å gjennomføre mellom anna innovasjonsprosjekt og omstillingsprosjekt. I forkant av utlysinga for neste periode har Distriktssenteret vurdert det til at det er mest formålstenleg å halde fram med å kjøpe konsulenttenester til dette. Det gir mindre administrasjon, meir fleksibilitet og god tilgang på den kompetansen butikkane treng. I 2023 er det betalt ut 18,2 millionar kroner til Merkur-konsulentane.

Ein del av den faglege utviklinga i Distriktssenteret skjer gjennom oppdragsforskning. Bestilt forskning utgjer 2,8 millionar og ligg under posten *kjøp av konsulenttenester* i rekneskapen. Distriktssenteret kjøper også alle tenester innafor IT-drift og -infrastruktur. Vi kjøpte andre framande tenester for 5,3 millionar i 2023. Her er det 2,1 millionar til Merkur-konsulentar og 2,2 millionar gjeld utbetaling til arkitekt- og designbyrå i pilotprosjektet Framtidas nærbutikk i det fleirfunksjonelle bygget.

Distriktssenteret har ikkje kjøpt konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen i 2023 ut over designbistand til Handle lokalt-kampanjen, ein kostnad på knapt 20 000 kroner.

Desentralisert arbeid

Frå opprettinga i 2008 har Distriktssenteret vore lokalisert i kommunane Alstahaug, Sogndal og Steinkjer. Sidan vi overtok forvaltninga av Merkur-programmet har vi hatt tilsette med avtale om fjernarbeidsstad i Førde. I 2023 gjeld dette to tilsette.

Ved nye utlysingar har vi vurdert at Distriktssenteret si organisering allereie er tilpassa intensjonen om desentraliserte arbeidsplassar. Vi er lokalisert i lokale kunnskapsfellesskap og er på den måten med på å styrke lokale fagmiljø i Distrikts-Norge. Distriktssenteret sine kontor kan vere gode alternativ å plassere desentraliserte statlege stillingar for å sikre arbeidsmiljø og kontorfellesskap.

5. Vurdering av framtidsutsikter

God samfunnsutvikling er heilskapleg og langsiktig arbeid med å skape gode stader å bu, besøke og drive næring. Den gode samfunnsutviklingskommunen legg til rette for å ta vare på og utvikle menneska, næringslivet og miljøet i kommunen.

Å ha ein daglegvarebutikk med god kvalitet og tilleggstenester i nærleiken av der du bur, kan bidra til den lokale utviklingsevna.

I Distriktsmeldinga Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida (Meld. St. 27 (2022-2023)) har regjeringa lagt fram eksisterande og komande tiltak for å leggje til rette for å folkevekst i norske distrikt. Distriktssenteret trur ikkje det er realistisk at alle distriktskommunar skal få til folketalsvekst. Samstundes trur vi det er mykje som ligg til rette for at fleire kommunar skal bli flinkare til å ta vare på dei tilflyttarane som kjem. Alle kommunar har tilflytting, og alle kommunar har eit veksande behov for arbeidskraft. Utfordringane kommunane møter er mellom anna godt skildra av Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020:12) og Demografiutvalet (NOU 2020:15). Generalistkommuneutvalet (NOU 2023:9) har også peika på behovet for å leggje til rette for verkemiddel og rettleiing som er betre tilpassa små distriktskommunar med liten kapasitet. Samtidig er det viktig å hugse at nyskaping også er viktig for næringslivet i distrikta. Vi står i fare for å gløyme å skape nye arbeidsplassar fordi vi er så opptekne av å skaffe arbeidskraft til dei ledige stillingane.

Distriktssenteret meiner ein måte å møte utfordringane til distriktskommunane er å gje dei meir skreddarsydd rettleiing og oppfølging gjennom heile arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Slik kan kommunane få styrka kapasitet og kompetanse til å jobbe med utviklingsarbeid. For å få til slik skreddarsaum, må meir målretta og koordinert samarbeid mellom verkemiddelaktørane på plass. I denne samanhengen er det først og fremst fylkeskommunen, statsforvaltar, Innovasjon Noreg og Distriktssenteret som må samordnast for å bruke sine ressursar effektivt og styrke kommunane sin utviklingskapasitet og -evne.

Mange kommunar manglar kapasitet og kompetanse til å finne fram i verkemiddelapparatet og ta i bruk verkemidla som finst og handlingsromma kommunane har. Då er ikkje verkemiddelapparatet og dei gode hjelparane rundt kommunane gode nok til å leggje til rette for at dei små kommunane skal klare å ta verkemidla i bruk. Legg vi til rette for at kommunanes brukarreise gjennom verkemiddelapparatet er god?

Kommunane kan ha god nytte av støtte og rettleiing frå statsforvaltar, fylkeskommune og Distriktssenteret i utviklingsarbeid, mellom anna for å nytte innovasjonsverkemidla (Meld. St. 27 (2022-2023), 2023). Fleire småkommunar ønskjer meir rettleiing om planlegging frå fylkeskommunen og statsforvaltaren (Angell, 2021). Dersom omstillingsprogrammet skal utvidast til andre problemstillingar enn arbeidsplassar, vil det vere behov for nye verktøy på tiltakssida (Vareide, Storm, & Grønn, 2022).

Vi har foreslått for KDD at Distriktssenteret får tilført ressursar og oppdrag med å etablere gode strukturar som bidreg til godt samarbeid mellom aktørar i verkemiddelapparatet. Då kan vi arbeide tverrfagleg og i fellesskap følgje opp utvalde distriktskommunar som har særlege utfordringar knytt til kapasitet og kompetanse til planlegging, omstilling, innovasjon og gjennomføring av lokal samfunnsutvikling.

Også på andre område ser vi behov for betre samordning av verkemiddelaktørar. Skal kommunar og butikkar, kvar for seg eller saman, finne innovative løysingar, må verkemiddelaktørar som kan bidra med finansiering eller kompetanse også vere innovative. Dei må lukkast med samarbeid i staden for å peike på kvarandre eller la etablert praksis vere til hinder for nytenking. Laget rundt kommunene og butikkane er stort, og kven det bør være satt saman av kan variere. Distriktssenteret og dei andre aktørane nemnt over er berre nokon av dei. I tillegg kjem ei rekke fagetatar, som Husbanken, SIVA, IMDi, departementa og fleire andre. I arbeidet med prosjektet Framtidas nærbutikk vert det også peika på faren for å gløyme private verkemiddelaktørar når ein er oppteken av å koordinere dei offentlege (Bjørge, Knudsen, Løkken, Simonsen, & Hauge, 2023). Distriktssenteret opplever at ulike regelverk vere til hinder for denne typen innovasjon. Samtidig er det viktig at vi som er offentlege verkemiddelaktørar er nysgjerrige på korleis vi kan utnytte handlingsromma som trengs for å jobbe og samarbeide på nye måtar.

Regjeringa har signalisert forsterka innsats i Nord-Norge (Meld. St. 27 (2022-2023)). Vi ser det som naturleg at Distriktssenteret tek del i dette arbeidet saman med mellom anna Barentssekretariatet. Vi er statens viktigaste kunnskapsmiljø om distriktskommunar, med særleg kompetanse om lokal samfunnsutvikling. Skal ein lukkast med auka og stabil busetjing i distriktskommunar i Nord-Noreg, er det avgjerande for kommunane å bli tilført kapasitet og kompetanse til å drive godt utviklingsarbeid. Dette er ein viktig del av Distriktssenteret sitt oppdrag å ta del i, og det vil vere formålseffektivt at Distriktssenteret tek del i det arbeidet som er målretta mot Nord-Noreg.

Små daglegvarebutikkar har stor betydning for å skape attraktive og levedyktige lokalsamfunn. Dei same butikkane er under sterkt press grunna pris- og kostnadsvekst, endringar i kjøpsåtferd og konkurranse. Mange butikkar har lite kapital til investeringar som kan betre drifta, til dømes enøktiltak, og tiltak som gjer butikken meir tilgjengeleg for kundane, til dømes i form av utvida opningstider. Butikkane har eit stort etterslep på fornying og modernisering. Merkur-programmet har avgjerande innverknad på butikkane si inntening og evne til å overleve.

Dagens rammer for Merkur-programmet er ikkje tilpassa Merkur-butikkane sine framtidige behov for modernisering og auka kompetanse. Om ein fullt ut skal nå måla i Merkur-programmet om å sikre innbyggjarar i distrikta tilgang til ein dagleg varebutikk i nærleiken, med god kvalitet og med tilleggstenester som aukar omsetninga, sikrar vidare drift og kjem innbyggjarane og lokalsamfunnet til gode, vil det i framtida vere behov for meir midlar både til støtteordningane og kompetanseprogrammet.

Når Distriktssenteret møter aukande etterspurnad som samarbeidspart for regionale og nasjonale aktørar, pressar det ressursane våre i større grad. Det er difor viktig at vi er merksame på korleis førespurnadane kan balanserast mot distriktskommunane sine behov. Hovudspørsmålet må heile tida vere korleis vi leverer mest nytte til distriktskommunane og -butikkane. Dette må også KDD ta omsyn til i utforming av oppdrag og bestillingar.

6. Årsrekneskap

6.1. Innleiing

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling blei oppretta i 2008 som ein fagleg uavhengig etat under Kommunal- og distriktsdepartementet. Frå 2019 blei oppgåvene utvida med forvaltning av Merkur-programmet. Distriktssenteret er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Rekneskapen er lagt fram i samsvar med rammene for økonomistyring i staten. Leiargruppa meiner rekneskapen gir eit godt bilde av Distriktssenteret sin aktivitet.

Riksrevisjonen gjennomfører årleg revisjon av årsregnskapet med tilhøyrande rutinar og fullmakter. Dialogen med Riksrevisjonen som god. Hovuddelen av dialogen skjer om hausten, og vi opplever dette som en nyttig dialog og en arena for drøfting av regnskapsrelaterte problemstillingar.

6.2. Kommenterar frå leiinga

Lønn er den største posten i driftsregnskapet vårt. I 2023 betalte vi ut 26,9 millionar kroner til lønn. Dette er ein auke på 1,7 millionar kroner frå 2022.

Løn utgjør en 75,4 % av driftskostnadene, noko som er 1,4 % meir enn i 2022. Talet på utførte årsverk har gått ned frå 25,25 til 24,93. Vi er litt uroa for utviklinga då årsaka til auka lønskostnadar ligg utanfor vårt mynde. Ordninga med to hovudavtalar, og reglane knytt til berekning av pottar i dei lokale forhandlingane, gjer at vi må gje meir i lønnsauke enn det som er ramma for lønsoppgjøret. Høg lønn gir ekstra arbeidsgjevaravgift, men den store kostnaden får vi hjå Statens pensjonskasse. Etter omlegging til hendingsbasert premieberekning må kvar verksemd betale for auka premiekostnadar. I 2023 betalte vi kr 2,5 millionar i arbeidsgjevardel medan talet for 2022 var 2,0 millionar. Premien vi betalte i 2023 var ½ million høgare enn det SPK hadde berekna i sine prognosar.

I november i 2022 fekk vi ei belastningsfullmakt frå KDD på kr 500 000 til følgjeforskning og utvikling av rettleiingsmateriell i samband med Distriktskommune 3.0. Arbeidet har skjedd i 2023 og fullmakta er fullt ut disponert.

Reisekostnadene i 2023 var på 2,1 millionar kroner, om lag 300 000 mindre enn i 2022. Etter pandemien leverer vi fleire tenester til målgruppa og dette kan vi gjere fordi ein større del av leveransane løysast utan å møtes fysisk. Med dette reduserer vi også miljøbelastninga.

Kjøp av utgreiingar har alltid vore ein viktig post for Distriktssenteret. I 2023 brukte vi 2,3 millionar til kjøp av små og store utgreiingar. Dette er om lag på same nivå som i 2022.

Vi har betalt ut kr 90 704 814 i Merkur-programmet. Det er fordelt med 21,6 millionar i kompetanseprogrammet og 69,1 millionar i støtteordningane.

Leikanger, 13.3.2024



Marit L. Mellingen

direktør

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling

6.3. Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Distriktssenteret er utarbeidd og lagt fram etter retningslinjene for økonomistyring i staten.

- Rekneskapen følgjer kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet

Oppstillinga av løyvings- og artskontorapporteringa er utarbeidd etter de same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i samsvar med krava til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *“Netto rapportert til løyvingsrekneskapen”* er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Noregs bank. Distriktssenteret er eit ordinært forvaltningsorgan med bruttobudsjettering, og får ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årsslutt blir saldoen for kvar oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingsrapportering

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar Distriktssenteret står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporten viser rekneskapstal som Distriktssenteret har rapportert til statsrekneskapen. Den er stilt opp etter kapittel og postar i løyvingsrekneskapen vi har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og plikter vi står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva Distriktssenteret har fått stilt til disposisjon for 2023. Dette omfattar disponible beløp som er gitt i tildelingsbrev og som er gitt som belastningsfullmakt. Belastningsfullmakter er også omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen, og blir vist i kolona for rekneskap.

Artskontorapportering

